

**STYRESAK 043/2017 ADMINISTRERANDE DIEKTØR SI ORIENTERING PKT. 1
TILSYNSRAPPORTERING FRÅ HELSE FØRDE HF
FOR APRIL 2017 – DATO 09.05.2017**

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Førde	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Førebels rapport av 01.07.16	2 systemavvik, gjeldande oppstart tid behandling og organisering i mottak.		<p>Om avvika:</p> <p>- Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrer. Leiinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming.</p> <p>Endeleg rapport mottatt 8.9.2016. Tilbakemelding om forbetringstiltak sendt FM den 4.11. 2016. Brev frå FM 11.11 – gode tilbakemeldingar på tiltaka, ønsker ny status frå HFD innan 15.2.17</p> <p>Tilbakemelding til FM i brev av 10.02.2017 Skildring av iverksette tiltak.</p> <p>ePhorte sak 2016/1139. Ny tilbakemelding etter journalgjennomgang P2 etter sepsistilsynet</p> <p>Det vert synt til rapport frå FM etter sepsistilsynet, datert 08.09.2016 og tilbakemelding frå HFD med plan for retting av avvik, datert 10.02.2017.</p> <p>I videomøte 31.3.17 presenterte Helse Førde korleis de har arbeidd med å rette opp avvika etter tilsynet og kor langt dette arbeidet var komme.</p> <p>Vår gjennomgang viser at sjukehuset har jobba godt med oppfølging av avvika. Arbeidet har vore tydeleg leiarforankra og har ført til betring som også kan komme andre pasientgrupper til gode.</p> <p>Resultata viser at det er betring på fleire område, men at helseføretaket framleis må arbeide for å nå målet om at pasientar med alvorleg sepsis får oppstart av antibiotika innan ein time etter å ha komme til sjukehuset, slik nasjonale føringar tilseier.</p> <p>Ny tilbakemelding om vidare tiltak og status i arbeidet med å rette avvika innan 10.10.2017.</p>	

**ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSR APPURT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Lokale El-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, saka «open»	Rapportmålingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Feilen ligg på nettet utanfor vår bygningsmasse, men vi får registrert feilen på oss. Sunnfjord Energi er engasjert. Det vert arbeidd med saka. Inga ny hending - Ephorte sak 2012/2566	
Arbeidstilsynet	Helse Førde	Ambulansetenesta. Nasjonal tilsynskampanje «Føre var» med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager, tilsyn mai 2011.	19.10.2011 Nytt brev frå Arbeids- Tilsynet av 02.12.15	Det blei gitt 11 pålegg. 10 er lukka, 1 er søkt disp. frå, gjeld arbeidslokale og personalrom på ambulansestasj.	01.01.2016 Ny frist for Sogndal er 31.08.16 – ny frist 1.04.2017	Helse Førde har hatt dispensasjon når det gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Oppsummering frå møte med tilsynet gjennomført 26.01.2017: Helse Førde sender Arbeidstilsynet ei oversikt over alle ambulansestasjonane der det blir gitt status OK eller Avvik på følgjande punkt: Garasje - utrykkingskøyretøy Garderobe Vaskerom Toalett-dusj Ventilasjon Kvilerom/soverom Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Når det gjeld Sogndal ambulansestasjon opplyste Helse Førde at det står att nokre forhold som må avklarast med Sogndal kommune før ein kan setje i gang med nybygg. Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Helse Førde må dokumentere at dei tilsette har medvirka båd når det gjeld utforming av nye lokale og midlertidige tiltak der dette er aktuelt. Brev til Arbeidstilsynet 17.03. Dialog med Sogndal kommune syner semje mellom partane. Det vert elles synt til semje i brukargruppa på det teikningsframlegget som	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSR APPOR	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>no ligg føre. Helse Førde har parallelt søkt tilsynet om samtykke, tiltak, sjekklister og uttale frå vernetenesta.</p> <p>Nytt brev til Arbeidstilsynet i brev av 6.04. Ephorte sak 2011/1349</p> <p><u>Tilbakemelding på status/oversikt øvrige ambulansestasjoner - Oversikt på oppdatert status på øvrige stasjoner.</u> Dette svarar ut punkta som Arbeidstilsynet har etterspurt:</p> <ul style="list-style-type: none"> Garasje - utrykkingskøyretøy Garderobe Vaskerom Toalett – dusj Ventilasjon Kvilerom/soverom <p>Helse Førde vonar desse tilbakemeldingane viser at føretaket har fokus og prioriterer betring av tilhøva for dei ambulansetilsette.</p>	
Klageorgan						Inga ny hending	

Tabellen ovanfor inneheld **systemtilsyn** under oppfølging. Rapporten inneheld ikkje kommande tilsyn eller der tilsynsbesøk er gjennomført, men rapport ikkje ligg føre. Heller ikkje tilsyn utan avvik.

Helse Førde har registrert **totalt 5** tilsyn og revisjonar i perioden 1.1. – 30.04.2017 – 4 av desse vidareført frå 2016.

Desse kontrollane vert utført av både eksterne offentlege tilsynsorgan og andre revisjonsorgan. I tillegg interne eigarrevisjonar frå Helse Vest RHF.